



**FYLKESMANNEN I ROGALAND
UTDANNINGSAVDELINGA**

TILSYN MED VINDAFJORD KOMMUNE

TIDSPUNKT: **Hausten 2008** **Vår ref: 08/8922**

**KOMMUNEN SI
ADRESSE:** **Vindafjord kommune, 5580 Ølen**

KOMMUNENR: **1160**

TILSYNSGRUPPE: **Liv Svendal og Hanne Sørli Ronæss**

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** **Rådgivar Kirsten Hansen**

Heimel for tilsynet:
Barnehagelova § 9 andre ledd.

Tema for tilsynet:
Tilsynet skal kontrollere korleis kommunen følgjer krav til saksbehandling i "Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder" §§ 1 og 2, jf. barnehagelova §§ 17 og 18.

Fylkesmannen avdekte følgjande under tilsynet:

Avvik 1 :
Vindafjord kommune har i saksbehandlinga si sett til side forskrifta sitt vilkår om offentleg utlysing.

Avvik 2 :
Vindafjord kommune har i saksbehandlinga si sett til side forskrifta sitt vilkår om at dispensasjon frå utdanningskravet berre kan gis for inntil eitt år om gongen.

Stavanger, 09.03.09

Hanne Sørli Ronæss
rådgivar

Liv Svendal
seniorrådgivar

Innhald:

1. Innleiing
2. Dokumentgrunnlag
3. Gjennomføring
4. Avvik
5. Merknader
6. Oppfølging

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter brevtilsyn i 13 kommunar i Rogaland.

Det blei ført tilsyn med:

- Barnehagelova §§ 17 og 18, jf. forskrift om mellombels og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar §§ 1 og 2.

Formålet med tilsynet var å kontrollere om kommunane har rutinar og praksis som er i samsvar vilkåra i forskrifta ved søknader om mellombels og varig dispensasjon frå utdanningskrav.

Tilsynet inngår som ein del av tilsynsverksemda hos Fylkesmannen og er heimla i barnehagelova § 9 andre ledd.

Tilsynsmetode

Fylkesmannen gjennomfører tilsyn med kommunane etter ulike metodar. Tilsynet blei denne gongen gjennomført ved spørjeskjema til kommunane, der vi bad om svar på konkrete spørsmål knytte til behandlinga av dispensasjonssøknader.

Desse spørsmåla blei stilte:

1. Korleis sikrar kommunen at vilkåra i lov og forskrift er oppfylte ved midlertidige og varige dispensasjonar? Beskriv kommunen sine rutinar for behandling av søknader om dispensasjon. Dersom rutineane er skriftleggjorde, ber vi om kopi.
2. Dokumenter eksempel på saksutgreiing og vedtak om dispensasjon (ev. avslag). Vi ber om at kommunen oversender kopi av 4 vedtak frå barnehageåret 2007-2008.

Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylning av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

2. Dokumentgrunnlag

Følgjande dokument er lagde til grunn:

- Barnehagelova av 17.06.2005
- Forskrift om mellombels og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar
- Ot. prp. 72 (2004-2005)
- Rundskriv F-08/2006
- Brev frå Fylkesmannen til kommunane 02.10.2008
- Svar frå kommunane på brev av 02.10.2008

3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om brevtilsyn: 02.10.2008
 Utdjupande svar frå kommunane: Haust 2008
 Sakshandsaming hos fylkesmannen: Des.2008 - feb.2009

4. Avvik

Avvik 1 :

Vindafjord kommune har i saksbehandlinga si sett til side forskrifta sitt vilkår om offentleg utlysing.

Avvik 2 :

Vindafjord kommune har i saksbehandlinga si sett til side forskrifta sitt vilkår om at dispensasjon frå utdanningskravet berre kan gis for inntil eitt år om gongen.

Avvik frå: Barnehagelova § 18, jf. forskrift om mellombels og varig dispensasjon § 1.

Lovkommentar:

Kommunen kan, etter søknad frå barnehageeigar, innvilge mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar for inntil eitt år om gongen, etter at stillinga har vore offentleg utlyst og det ikkje har meldt seg kvalifisert søkjar. Alle dispensasjonar som blir gitt, skal vere knytte til den personen det blir søkt dispensasjon for og til ei konkret stilling i ein konkret barnehage. Når den reelle kompetansen hos

den det er søkt for er vurdert, kan kommunen stille vilkår ved dispensasjonen. Kommunen må utvise skjønn i vurderinga av barnehageeigar sin innsats for å skaffe kvalifisert personale. Det kan for eksempel vere aktuelt å vurdere utlysingstekst, om utlysinga er offentleg tilgjengeleg, tidspunkt for utlysninga og søknadsfrist for stillingane.

Avvik 1 er basert på følgjande observasjon:

Vindafjord kommune har gitt dispensasjon frå utdanningskravet i eitt tilfelle der den aktuelle stillinga ikkje hadde vore utlyst. Vedtaket viser berre til erfaringar med at det har vore vanskeleg å skaffe nok pedagogiske leiarar i andre barnehagar i kommunen.

Avvik 2 er basert på følgjande observasjon:

Vindafjord kommune har i eit tilfelle gitt dispensasjon frå utdanningskravet for eitt og eit halvt år.

5. Merknader

Fylkesmannen har ingen merknader.

6. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Vindafjord kommune om korleis avvika i rapporten er følgde opp innan 15.mai 2009.